

Kietlien – Kjetlien (gnr. 133)

Kietlien: Gardnamn som truleg ingen kan tyde heilt visst. Skrivemåten av namnet var lenge Kietlien ell. Kitlien. Her vel vi for set same tidsrommet å bruke skriveform: Kitlien.

Det er i manntalet for Kopskatten 1645 vi ført finn garden nemnt. Garden er da ført i gruppa for ”Ødegaarder”, og brukar der var da Peder Kitlien. Han betalde den utlikna ekstraskatten for 1 Mandfolch og 1 Quindfolch, så han var truleg gift: I den sers pålitlege kjelda manntalet for Kvegskatten 1657 er det vidare fortalt at husdyrhaldet der i ”Kietlien” hos Peder var: 1 hest, 1 hoppe, 10 naut , 4 geitar og 12 sauer, så garden var altså slett ingen rydningsplass lenger. Av Mannskjønnsmanntalet 1665 går det elles fram at med familienamn heitte brukaren Peder Arnesen, og han var da 64 år. Det er og opplyst at han hadde ein son Arne, som da var 15 år. Endeleg er det og fortalt at den samla landskyld av garden Kitlien var 1 hud ell, 12 skind. Det eine med det andre viser at her var det sikkert gått ættleder sidan garden var på rydningsstadiet.

År 1668 kom den første norske matrikkelen med opplysningar om gardane. Der er det om ”Kietlien” vidare fortalt at Peder Arnesen var brukar og at landskylda der var 1 hud eller 1 ½ pund smør. Men brukaren Peder Arnesen var ikkje sjølv eigar av garden. Det var i den tid ”Welb, Gen.Major Reichwins arffingers”, og vidare er det og opplyst at eit engeland Kietlien, som kaptein Reichwein var eigar av, låg under Sundpladtzen. Om garden Kietlien av skyld 1 hud er det elles oppgitt at eng og innmarka var ”Ringe, Kand och iche widere forbedris”. Med det var skog til brenneved, og gardsbruk, seter og sommerbeite åt krøtera på Kinna seter. og dessutan var det ein liten humlehage på garden. Buskapen av store husdyr var da 2 hestar og 7 naut, og den årlege korntianda vart utreidd med 1 ½ tønne, som altså svara til eit årsavling på 15 tønner, som truleg alt var kornsorten bygg.

Etter mantalet for ”Leilendingsskatten 1678” var Peder Arnesen framleis brukar i Kitlien. Det går og fram at han betalde skatten med 2 ½ dalar i penger. Frå fem år seinare er det elles oppgitt at det var ein tenestegut av namn Jacob Olsen i Kitlien. Han var berre 16 år, men han var alt rulleført som soldat, Vi minnest at dette var på 1600 talet med alle de lange og harde krigane som da var. - Tretten år seinare gav i 1706 kaptein Jørgen Bielche skjøte til Ole Pedersen på ”retten til Kietlien i Faaberg”, og ei ny tid begynte for garden. Etter atter seks år let i 1706 Lauridts (Lars) Clemmedsen lesa opp på tinget ”sitt gardsbrev og testamente at Peder Oluffsen Kiedtlien giver ham og hans foreldre til deres død, da han er skrøbelig og krøbling.”

År 1723 kom det nye matrikkelframlegget med flere og nyere opplysninger om gardene. Der er det om ”Kietlien” oppgitt at garden ligg i baklia og var da tungbrukt. Men jordarten var god, ”dog noget vaadlent”. Det var skog til brennved og gjerdefang, ”samt noget til hustømmer”. Setra hadde berre ”mådelig hamn”, men det var slåtter til 2 lass høy, og høyavlinga i det heile utgjorde ca. 33 lass. Husdyrhaldet på garden var da 3 hestar, 1 føll , 16 naut. 7 sauer og 12 geiter, og den årlege utsæd var ca. 5 tønner bygg og 1 skjepp rug. Vidare var det i Kitlien ei kvern ”hvorpaa kand males til husnøtte og nogett for andre bestaaende af 2 par qverner som gaar dend største deel af Vinteren og iche om sommeren”. Eigar og brukar av garden var framleis Lars Clemmedsen. - Same året, altså i 1723, let elles Lars Clemmedsen ved eit ting på Tollersrud tinglesa eit skjøte der Asbjørn Pedersen Randgard gav han 3 skind gods i Kietlien for 20 rd. År 1739 vart det og ved tingmøte på Fliflet d. 18.sept. tinglyst ei sak som etter utskrift av tingboka er referert slik:

”Fliflet i Faaberg 18.sept. 1739.

Peder Olsen Kogslien som for 11 år siden solgte sin odelsgard Ketlien, skyld 1 hud, til sin søsters mann Lars Clemmedsen, lyser på sine sønner, Ole og Johannes Pederssønners vegne sin odelsrett og pengemangel, til grd. Ketliens innløsning.”

Videre var det i 1739 også arveskifte i ”Kitlien i Faaberg”. Grunnen var at kona til Lars Clemmedsen, Marit Olsdr, da var død. Med dette skiftet vart jordgodset i dødsbuet, Kietlien av skyld 1 hud, taksert for 120 rd, og arvingene ved skiftet var foruten enkemannen Lars Clemmedsen, dei to borna i ekteskapet: 1. Anne Larsdr., som da var 26 år, 2. Ole Larsen, 24 år. Da husbonden Lars Clemmedsen var død i 1749, var det atter skifte i Kietlien, men det er opplyst at arvebuet da åtte jordgods i garden for berre ½ hud.

I tidsrommet 1742-1777 er det elles lite av opplysninger om garden Kietlien. Men i 1783 var det framleis Ole Larsen som var brukar og eigar der. Han skjøta da grd. Kietlien av skyld 1 hud over til sonen, Lars Olsen, for kjøpesum 400 rd.- Faren, Ole Larsen, døde elles alt i 1784. og det var atter skifte på ”Kitlien i Faaber”. Ved dette skiftet vart jordgodset, grd. Kietlien, taksert for 400 rd. og buet utgjorde brutto 583 rd. og netto 515 rd. Arvingane var, forutan enka Ingeri Torsdr., dei 3 borna i ekteskapet: 1. Lars, som da var meir enn 23 år, 2, Mari, som var gift med Jens Arnesen Flugstad. 3. Ingeri, som var 18 år.

Lars Olsen, som da tok over som eigar og brukar av Kietlien, gifta seg i 1785 med Anne Olsdr. Aurlien, og dei fekk 1 barn: dottera Marthe f. 1790.

Elleve år seinere kom i 1801 påbodet om folketelling, og det budde da 3 familier på og/eller ved Kietlien. . Det var:

1.familie, 1, Lars Olsen , husbonden, 44 år, 2. Anne Olsdr. kona hans, 37 år, 3.Marta Larsdr. dotter deres, 10 år, 4. Lars Johannesen, tenestekar, 20 år. 6. Johannes Olsen, tenestekar 17 år, 7. Marte Jensdr., tenestekvinne, 23 år. 8. Ingri Jensdr., pleiebarn. 12 år, 9. Ingrid Tordsdr. , mor til husbonden, føderåds kone, 74 år, 10. Christen Thorstensen, tømmermann, ugift, 48 år.
2. familie: 1. Christen Pedersen, husmann med jord, 47 år, 2. Anne Tollevsdr., kona hans, 33 år, 3. Guri Christensdr., dotter deres. 2 år.
3. familie: 1.Martha Hansdr. ”Inderste og ernærer sig ved håndarbeid”, 42 år, 2. Mari Pedersdr., dotter til Martha.

Lars Olsen Kitlien var framleis eigar av garden i 1807. Han pantsatte da ”sin gaard til overformynderiet, og framstillet de 2 mend, Ole Fagstad og Johannes Lilleberge, som takserte gaarden for 1000rd.- Men tre år seinare skjøta i 1810 Lars Olsen ættegarden Kitlien over til svigersonen Simen Torgersen Berge for kjøpesum 500 rd. - Den nye brukaren var da gift med Martha Larsdr. Kietlien f. 1790, og dei fekk fleire born. Dei var:1. Ole , f. 1811, 2. Kari. f. 1812, 3. Lars, f. 1814. 4. Anne, f. 1816. 5. Torger, f. 1819, 6. Simen, f. 1821, 7. Johanne f. 1823, 8. Thornette, f. 1825.

Litt om storleiken på gardane i den tid går fram av matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om garden Kietlien opplyst at buskapen av store husdyr da var 3 hestar og 18 storfe, og den årlege kornavlinga utgjorde i vanleg gode år kring 60 tønner. Av ei tinglyst føderådsbrev av 1818, går det elles fram at både Lars Olsen og kona hans, Anne Olsdr. enda var i live og hadde føderåd i Kitlien. Frå fem år seinere er ei tinglyst kontrakt, eller rettare eit forlik om ”Kietliens Hjemmenavn mellom Tore Arlien m.fl. og Fredrik Grønlien m. fl”.

Ved matrikuleringa i 1838 vart den gamle landskylda i huder og skind skifta ut med ei matrikkelskyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling. "Kitlien" fekk da som si nye matr .skyld: 7 skylddalar 4 ort og 20 skilling, og eigar og brukar av garden i 1838 var framleis Simen Torgersen . - Men etter atter sju år gav i 1845 gamle Simen Torgersen skjøte til sonen Lars Simensen, f. 1814, på ættegarden Kitlien.

Husfrua Martha Larsdtr. var elles den som døde først av dei to gamle husbondsfolka, og det var i 1846 etter skifte i "Kitlien" i Faaberg". Det går og tydelig fram at det var velstand på garden. Jordgodset i buet, garden Kitlien, vart ved registreringa taksert for 1200 spd., og arvebuet utgjorde netto 1761 spd. Arvingane ved skiftet var forutan enkemann Simen Torgersen dei 7 av borna i ekteskapet, Sonen Torger, f. 1819 var ikkje tilstades og var visstnok alt død, dottera Anne var gift med Amund Nørstelid. Ved dette skiftet fekk dessutan broren Lars Simensen samfrends-godkjenning av sitt skjøte på ættegarden Kitlien.

Husmannsplassen Kitlisveen er nemnt i 1847. Husbonden Lars Simensen gav da husmandskontrakt på bruket til Hans Olsen og kona hans og i tilfelle borna deira.

I 1860-åra var det fleire utskiftingar av sameigemark og skog der garden Kitlien og hadde bruksrett. I 1863-64 var det såleis utskifting av "Kinden Sæterskov" og så å seia samtidig var det og utskifting av sameigeskog i Baklia.

Året etter kom i 1865 påbodet om folke- og jordbrukstellinga, og i samband med dette vart det etter kvart publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der finn ein elles gardsnavnet skrive Kitlien, og det er oppgitt at det samla jordbruksreal av åker, eng og seterlykkjer på garden i den tid utgjorde 308 mål, og av dette var 78 mål jord av 1. klasse. Samtidig er det oppgitt at husdyrhaldet i Kitlien med husmannsplasser var 5 hester, 21 storfe og 32 småfe. Ført på same måten var den årlege utsæd på Kitlien med husmannsplasser: 14-15 tønner korn og 7-8 tønner settepoteter.

Tre år seinare var det enka etter Lars Simensen Kjetlien, Kari Kristensdtr. f. Stræte, som var eigar og brukar av garden. Det var ho som i 1868 på vegne av Kjetlien gard gav lovnad om grunn til den nye veigen gjennom Baklia. Sju år seinare skjøta ho så "Kidlien" til sonen Simen Larsen for kjøpesum i 800 spd, og eit føderåd av 5-årlig verdi 400 spd.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i mark og øre og slik at det var 100 øre i 1 mark, Garden fekk da endeleg namneforma Kjetlien, som var meir i samsvar med bygdemålet. Samtidig vart vidare matrikkelskylda av Kjetlien sett til 10,75 mark. Eigar og brukar av garden var framleis Simen Larsen, og det var enda under garden Kjetlien berre eit bruksnummer, altså: Grn. 133, brn. 1 Kjetlien av skyld 10,75 mark.

Men i 1906 var det to skyldsetningsforretninger i Kjetlien, og parsellen brn. 2 Engen av skyld 0,63 mark vart da fråskilt garden og seld av Simen Larsen Kjetlien til Ole og Andreas Simensøner Kjetlien for 240,-. Samtidig vart i 1906 også parsellen brn. 3 Elvebakken fråskilt garden og seld til Even Andreassen for kr, 200,-.

Etter dette budde det ved kommunevalet i 1907 seks personar med røysterett på og eller ved garden Kjetlien. Dei var: ., føderådsmannen Simen Larsen Kjetlien, 57 år, 2. husmor Elise Olsdtr., kona hans, 56 år, 3, gardbr, Lars Simensen Kjetlien, 30 år, 4. husmann Kristian

Arnesen, 53 år, og 5. husmor Elise Karlsdtr, kona hans, 54år, 6. husmann Henrik Hansen, 59 år. Ein merker seg at dette var i en tid da røysterettsalderen enda var 25 år.

Av handlar i seinare tid, til med grd. Kjetlien eller parsellar av garden, tek vi med til slutt at i 1937 skjøta så faren Lars Simensen Kjetlien garden over til sonen Martin Larsen Kjetlien f, 1907. - Ved jordbruksregistreringa av 1939 var jordbruksarealet av åker, hage og eng i Kjetlien ca, 130 mål (da), og eigar og brukar av garden var framleis:Martin Kjetlien.